



# Reglement for delegering Årdal kommune

---

2025-2028

**Reglementet er vedteke av Årdal kommunestyre 6. februar 2025  
i Ksak 003/25.**

Acos-sak 24/1393-1

*Delegering betyr overføring av mynde frå eit organ til eit anna.*

*Delegering av mynde inneber ikkje at det organet som delegerer gjev frå seg ansvar eller mynde på vedkomande område.*

## **Innhold**

1	Bakgrunn og formål.....	2
2	Kommunestyret .....	4
2.1	Formannskapet .....	4
2.2	Utval .....	5
2.3	Ordførar .....	5
2.4	Kommunedirektøren .....	6
2.5	Administrasjonsutvalet.....	7
2.6	Delegering til kontrollutvalet.....	7
2.7	Delegering til sakkyndig nemnd for egedomsskatt.....	7
2.8	Delegering til klagenemnd for egedomsskatt .....	7
2.9	Delegering til valstyret .....	7
2.10	Beredskap.....	8
3	Iverksetjing.....	8
4	Ymse fullmakter .....	9
5	Delegering etter særlover .....	10

## 1 Bakgrunn og formål

Dokumentet er revidert i 2025 og tek utgangspunkt i Årdal kommune sitt noverande delegeringsreglement.

Målsetjinga med delegering av mynde er å legge til rette for tenlege, effektive arbeidsformer og vedtaksprosessar. Ved å delegere mynde til administrasjonen til å ta avgjerd i kurante saker, oppnår ein:

- At administrative ressursar i størst mogleg grad vert nytta til tilrettelegging av prinsipsaker, skjønnsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.
- Sikre politisk styring i alle overordna og prinsipielle saker
- På ein tydeleg måte vise skilje mellom politisk og administrativt ansvar og mynde

Delegering av ansvar og mynde skal styrke lokaldemokratiet, gje meir føreseielege vilkår for kommunen sitt arbeid og sikre effektiv og forsvarleg sakshandsaming.

All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av overordna organ, og innanfor godkjende budsjetttramme og føresetnader.

Delegert mynde skal utøvast i samsvar med kommunestyret sin intensjon.

### **Generelt om delegeringsreglementet og fellesreglar**

Den politiske organiseringa i ulike folkevalde organ vert fastsett av kommunestyret og organiseringa kan berre endrast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret er valt etter reglane i vallova og kommunelova. Kommunestyret og dei organa som er omfatta av dette reglementet, skal veljast og vere samansett i samsvar med kommunelova kapittel 5.

Opprykk, nyval, fritak m.m. skal vere i samsvar med kommunelova kapittel 7 og 8.

Årdal kommune er organisert etter formannskapsmodellen.

Kommunestyret fastsette sjølv eit reglement for vedtaksmynde og innstillingsrett jf. kommunelova § 5-14. I hovudprinsipp er alt mynde lagt til kommunestyret.

Delegeringsmyndet kan delegerast vidare og det kan kallast tilbake både generelt og i enkeltsaker. Den som har fått delegert eit mynde kan også la vere å gjere bruk av delegeringa og heller la eit overordna organ avgjere saka.

Sjølv om eit mynde etter lova ikkje kan delegerast, kan kommunestyret gjere vedtak om at formannskapet eller anna fast folkevalt organ kan gjere vedtak i saker når det ikkje er tid til å kalle inn vedtaksorganet, kommunelova § 11-8 ("hastevedtak").

Kommunestyret kan delegere myndet til andre folkevalde organ eller til kommunedirektøren med mindre det er bestemt at myndet ikkje kan delegerast. Tilsvarande kan andre politiske organ delegere til kommunedirektøren.

**For valperioden 2023 – 2027 har kommunen følgjande folkevalde organ, råd og utval.**

Kommunestyre	Eigedomsskattetakstnemd
Formannskap	Overskattetakstnemd
Kontrollutval	Valstyre
Finansutval (avvikla 31.12.2024)	Utval Levevilkår (1.1.2025)
Administrasjonsutval	Utval Samfunn (1.1.2025)
Utval for helse, omsorg og NAV (avvikla 31.12.24)	
Utval for oppvekst og kultur (avvikla 31.12.24)	
Utval for teknisk tenester og samfunnstryggleik (avvikla 31.12.24)	
Eldreråd	
Kommunalt råd for personar med nedsett funksjonsevne	
Ungdomsråd	

### **Prinsippet om maksimal delegering**

Delegering av avgjerdsmynde frå kommunestyret til folkevalde organ, ordførar og kommunedirektøren, kan i prinsippet tildelast fullt ut i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

I Årdal kommune gjeld prinsippet om maksimal delegering. Det betyr at mynde kan delegerast til lågaste nivå innanfor ramma av lovverk og så langt kommunestyret har gjort vedtak.

### **Tilbakekalling av fullmakt og omgjerdingsrett**

Kommunestyret eller ein annan instans som har delegert mynde, kan trekke det delegerte myndet tilbake. Dette gjeld også i enkeltsaker.

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak fatta av underordna organ innanfor ramma av § 35 i forvaltningslova (omgjering av vedtak utan klage).

### **Tilråding/innstilling til vedtak**

Til kommunestyret er det formannskapet, hovudutvala og kontrollutvalet som innstiller.

Dersom ei sak hastar, og det ikkje er tid for å handsame saka i underordna organ, kan kommunedirektøren tilrå direkte til kommunestyret.

Kommunedirektøren tilråer/innstiller i saker som skal handsamast i formannskapet og faste utval.

### **Endring av delegering**

Delegering kan kun endrast av det organet eller den rolla som har delegert mynde.

### **Klagesaker**

Handsaming av klage over forvaltningsvedtak fylgjer forvaltningslova sine reglar med mindre særlov seier noko anna. Den som har fått delegert mynde, er underinstans i klagesaker og handsamar klager jf. forvaltningslova § 33. I tilfelle der formannskapet gjere enkeltvedtak som vert klaga på, er kommunestyret klageinstans.

### **Hastesaker**

Formannskapet kan gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av kommunestyret eller

anna kommunalt utval, når det er nødvendig at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret eller utvalet til møte jf. kommunelova § 11-8. Vedtak som vert gjort i medhald av denne fullmakta skal refererast for kommunestyret i neste møte.

Ordføraren har mynde til å gjere vedtak i hastesaker med heimel i kommunelova § 11-8 første ledd. Vedtak som vert gjort i medhald av denne fullmakta skal refererast for kommunestyret i neste møte.

### **Fjernmøter**

Folkevalde organ i Årdal kommune kan, jf. kommuneloven § 11-7, halde fjernmøter.

## **2 Kommunestyret**

Heimel for kommunestyret sitt mandat og delegering er kommunelova § 5-3.

Kommunestyre er øvste folkevalde organ i Årdal kommune og har det øvste ansvaret for tilsyn med den kommunale forvaltninga. Dei kan krevje alle saker lagt fram for seg til orientering eller avgjersle.

Kommunestyret skal avgjere alle saker som gjeld vedtak av kommunale forskrifter, folkevald organisering, kommuneplan, kommunedelplanar, budsjett, økonomiplan, og saker som til ei kvar tid etter kommunelov, særlover og delegeringsreglementet er lagt til kommunestyret sjølv.

Kommunestyret skal alltid avgjere følgjande saker:

- Opprettning av nye tenester og vesentlege endringar eller nedlegging av eksisterande tenester
- Fastsette reglement, vedtekter og instruksar der slikt mynde ikkje er delegert
- Overordna arbeidsgjevarpolitikk og beredskap
- Fastsette kommunale avgifter og betalingssatsar som ikkje er regulert av anna lovverk
- Økonomiplanen og årsbudsjettet
- Årsregnskap og årsmelding
- Finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi
- Reglar for økonomiforvaltninga (økonomireglement)
- Reglar for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement)

Kommunestyret delegerer mynde til politiske organ ut frå det enkelte organ sitt ansvarsområde i samsvar med reglementet.

### **2.1 Formannskapet**

Formannskapet sine oppgåver er heimla i kommunelova § 5-6.

Formannskapet har tilrådingsrett i alle saker som skal leggast fram for kommunestyret med unntak for saker som kjem frå kontrollutvalet eller i saker der kommunestyret har delegert dette til anna utval.

Formannskapet har spesielt ansvar for å arbeide med og tilrå i saker som:

- \* har store konsekvensar for kommunen sin økonomi
- \* saker som gjeld regionalt utviklingsarbeid og regionalt samarbeid
- \* saker som gjeld kommunen sine ulike eigarskap
- \* kommuneplanen sin samfunnsdel og relevante kommunedelplanar

Formannskapet gjev uttale på kommunen sine vegne i saker som ikkje er delegert til andre organ med delegert forvaltningsansvar. Formannskapet kan og gjere vedtak i saker som ikkje er delegert til andre utval eller til kommunedirektør, og etter ordførar si vurdering krev politisk handsaming, men ikkje så viktig at det må handsamast av kommunestyret.

### **Arbeidsgjevaransvar kommunedirektør**

Ordførar, varaordførar og gruppeleiar av mindretallet får delegert fullmakt til å handtere det laupande arbeidsgjevaransvaret overfor kommunedirektøren.

## **2.2 Utval**

Det er to faste politiske utval i perioden 2025-2027:

- \* Utval for Lelevilkår
- \* Utval for Samfunn

### **Avgjerdsmynde – innstillingsrett – uttalerett**

Utvala skal gje innstilling til formannskapet i plansaker og saker som gjeld overordna retningslinjer / regelverk innanfor utvalet sitt ansvarsområde.

Utvala skal ikkje handsame saker som er av rein driftsmessig karakter, eller saker der avgjerdsmynde er delegert til kommunedirektør eller formannskap.

Dersom det er tvil om ei sak skal handsamast av eit utval, tek kommunedirektøren avgjerd i samråd med ordføraren.

I saker der utvalet har fått delegert avgjerdsmynde frå kommunestyret, kan to medlemer eller utvalsleiaren før møtet er slutt, krevje saka lagt fram for kommunestyret.

## **2.3 Ordførar**

Ordførar sine oppgåver er heimla i kommunelova § 6-1.

- Ordføraren representerer kommunen juridisk. Ordføraren signerer avtalar m.m. på kommunen sine vegne i saker der myndigkeit ikkje er lagt til andre jf. Kommunelova § 6-1 andre ledd.
- Ordføraren representerer kommunen, også med stemmefullmakt, i dei tilfelle der det ikkje er anna person særskilt vald. Kan ikkje ordførar møte, har han rett til å gje andre fullmakt til å delta og til å representere kommunen også med skriftleg stemmefullmakt.
- Ordførar får fullmakt til å peike ut partsrepresentant for kommunen ved rettssaker.

- Ordførar kan innvilge gåver og tilskot på inntil kr. 10000,- innanfor løyvd budsjetttramme til ekstraordinære tiltak (offisielle opningar, jubileum m.m.)
- Ordførar har fullmakt til å avgjere permisjonssøknader for folkevalde inntil 6 månader. Ordførar si avgjersle kan ankast inn for kommunestyret. Søknader om fritak frå politiske verv skal vedtakast av kommunestyret.
- Ordførar kan treffe vedtak i kurante saker som ikkje kan vente til folkevald organ er samla. Det gjeld så langt lova ikkje er til hinder for dette.
- Ordførar har mynde til å ta avgjersler i hastesaker jf. kommunelova § 11-8 første ledd.
- Opprette utval som skal førebu saker som ikkje har prinsipiell betyding.

## 2.4 Kommunedirektøren

Kommunedirektøren sine mynde og oppgåver er heimla i kommunelova § 13-1.

Kommunedirektøren er øvste leiar for den samla kommunale administrasjonen med dei unntak som følgjer av lov og innanfor dei instruksar, retningsliner eller pålegg som kommunestyret gir.

All delegering til administrasjonen skjer til kommunedirektøren. Kommunedirektøren kan vidaredelegere mynde og fullmakt, så lenge det er heimla i kommunelova, andre lover, forskrifter og vedtekter. Kommunedirektøren sin delegering nedover i organisasjonen skal synleggjera i eit administrativt delegeringsreglement.

Kommunedirektøren har direkte gjennom kommunelova og uavhengig av delegeringsreglementet:

- Løpande personalansvar i heile kommuneadministrasjonen
- Ansvarleg for heilskapleg internkontroll
- Ansvar for heilskapleg og forsvarleg sakshandsaming

I tillegg har kommunedirektøren

- mynde til å organisere den administrative verksemda
- mynde til å opprette og fjerne stillingar innanfor budsjett
- mynde til å krevje tvangssal og andre innkrevjingar for kommunen sine krav på kommunale avgifter og andre privatrettslege krav.
- mynde til å politimelde og fremje krav om erstatning i alle saker der kommunen er involvert.
- mynde til å disponere kommunen sine økonomiske ressursar innanfor kommunen sine planar og rammer som er fastsett av kommunestyret eller andre organ.

### **Generell delegering:**

Med heimel i kommuneloven § 5-3 gir kommunestyret kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell art.

Kommunedirektøren får delegert mynde til å sjå til at kommunen sine plikter etter gjeldande lover og forskrifter vert ivareteke.

## **2.5 Administrasjonsutvalet**

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt (lovpålagde) utval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Administrasjonsutvalet sitt ansvarsområde er oppgåver som er i tilknyting til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

Administrasjonsutvalet skal ivareta dei tilsette sin medbestemmelsesrett etter hovudavtalen del B § 4 og kommunelova § 5-11.

Administrasjonsutvalet skal halde seg oppdatert om korleis kommunen løyser sine oppgåver innanfor utvalet sitt ansvarsområdet. Utvalet kan legge fram for kommunestyret forslag til mål og strategiar for arbeidsgjevarområdet og utvikling av kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

Administrasjonsutvalet har på kommunestyret sine vegner det politiske ansvaret for kommunen sin overordna personalpolitikk og den administrative organisasjonsutviklinga i kommunen.

## **2.6 Delegering til kontrollutvalet**

Føreta endringar i plan for forvaltningsrevisjon (jf. Kommunelovens § 23-3) og endringar i plan for selskapskontroll (jf. Kommunelovens § 23-4).

Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret i alle saker som kjem inn under utvalet sitt ansvarsområde.

## **2.7 Delegering til sakkyndig nemnd for egedomsskatt**

Sakkyndig nemnd for egedomsskatt fastsette skattevedtekter/retningslinjer for alminneleg taksering av alle eigendommar som ikkje vert verdsette ved bruk av skatteetatens formuegrunnlag.

Sakkyndig nemnd vedteke takstane på grunnlag av forslag frå takstmann, jf. Egedomsskattelova § 8 A-3, punkt 4.

Sakkyndig nemnd handsamar klagesaker og opprettheld eller vedteke ny takst, jf. Egedomsskattelova § 19. 4.8.

## **2.8 Delegering til klagenemnd for egedomsskatt**

Klagenemnda handsamar klagesaker som ikkje får heilt eller delvis medhald i sakkyndig nemnd.

## **2.9 Delegering til valstyret**

Valstyret får delegert kommunen sitt mynde i vallova med tilhøyrande forskrifter, med unntak av dei avgjersler som kommunestyret må ta sjølve.

## **2.10 Beredskap**

I krisesituasjonar har krieseleiinga ved kommunedirektøren eller stedfortredar fullmakt til å setja i verk naudsynt hjelp til dei råka, tiltak for å avgrensa skadane, sikra liv, verdiar og miljø.

- Innsats ved akutt hjelp til opprydding og utbetring av materielle skader.
- Krieseleiinga har fullmakt til å nytte inntil 1 mill., kr. 1.000.000,-. Brannsjefen kan nytte inntil kr. 500.000,-.
- Omdisponere kommunalt personell, kommunale oppgåver, samt maskiner og utstyr. Pålegge overtid –og ekstraarbeid.

*Jf. Kommunal beredskapsplan pkt. 2.4 Fullmakter til kommunal krieseleiing*

## **3 Iverksetjing**

Reglementet er gjeldande frå vedtak i kommunestyret.

Alle tidlegare vedtekne reglement, vedtekter og retningsliner gjeld framleis. Dersom mynde i gjeldande reglement, vedtekter og retningsliner ikkje samsvarar, gjeld delegeringsreglementet framfor desse.

## 4 Ymse fullmakter

	<b>Sal av kommunal eide dom</b>	
	Før sal av fast eide dom og areal, skal det skje ei avklaring av behov/vedtekne planar. Eide dom skal leggast ut i marknaden og salssum vert sett til takst. Sal kan skje til leigetakrar etter takst. Sal av eide dom under takst: I særlege tilfelle kan direkte sal skje. Bedriftsetablering kan vere eit særleg tilfelle.	Kommunedirektøren
	Årdal kommune engasjerer eide domsmeklar til å utarbeida salsprospekt, inkl. takst frå takstmann. Eide domsmeklar i samråd med kommunedirektør fastset salssum, før prospektet vert lagt ut på den opne marknaden. Kommunedirektøren kan etter skjønn vurdera sal av eide dommen med ein reduksjon på inntil 20% av salssummen oppgjeve i prospektet.	Kommunedirektøren
<b>Sal av eide dom under takstgrunnlag</b>		
	I særlege tilfelle kan direkte sal skje. Bedriftsetablering kan vere eit særleg tilfelle.	Formannskapet
<b>Kjøp av eide dom</b>		
	Før kjøp av eide dom til kommunale formål, skal det skje ei avklaring av behov. Før kjøp kan skje, må det vere fastsett ei økonomisk ramme.	Formannskapet
<b>Utleige og oppseiling av kommunal eide dom</b>		
	Utleige av kommunal eide dom skjer etter fastsett pris.	Kommunedirektøren
<b>Innkjøp</b>		
	I samsvar med innkjøpsreglement og lov om offentlege anskaffelser	Kommunedirektøren
<b>Avtalar</b>		
	Inngå innkjøps- og driftsavtalar	Kommunedirektøren
	Signaturrett på saker der kommunedirektør har avgjerdssrett	Kommunedirektøren
	Prioritetsavkall/fråfalle kommunal pant	Kommunedirektøren
	Kjøp/sal av tenester til fritids- og kulturliv til/frå andre kommunar m.m.	Kommunedirektøren
<b>Tilskot</b>		
	Fordele tilskot til politiske parti i samsvar med sentralt og kommunalt fastsette reglar.	Kommunedirektøren
	Kulturmidlar	Formannskapet
	Avgjere søknader om produksjonstilskot i jordbruket.	Kommunedirektøren
	Gje uttale til søknader om BU-midlar, SND-midlar og avløysartilskot ved sjukdom.	Kommunedirektøren
<b>Uteståande krav</b>		
	Avskrive beløp opp til kr. 50.000,-	Kommunedirektøren
<b>Byggeherremynde</b>		
	Bygg herremynde ved kommunale bygg	Kommunedirektøren
<b>Utrangert utstyr</b>		
	Selje, avhende og kasserer utrangert utstyr	Kommunedirektøren

## 5 Delegering etter særlover

Kommunedirektøren får delegert mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell art i følgande lover med tilhøyrande forskrifter:

Særlov	Mynde	§	
<b>Alkohollova</b>	Jfr. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Årdal kommune 2020-2024		
	Løyveperiode (for ein bestemt del av året)	§ 1-6	Formannskapet
	Sals- og skjenkeløyve (i løyveperioden)	§ 1-7	Formannskapet
	Sals- og skjenkeløyve (i einskilde høve)	§ 1-7	Kommunedirektøren
	Godkjenning av styrar og stedfortredar	§ 1-7 c, 2. ledd	Kommunedirektøren
	Inndraging av løyve	§ 1-8, jf. §1- 12	Formannskapet
	Kontroll av sals- og skjenkeløyve	§ 1-9	Kommunedirektøren
	Utviding av skjenkelokale i einskild høve	§4-2, 4. ledd	Kommunedirektøren
	Utviding av skjenketid i einskild høve	§4-4, 3. ledd	Kommunedirektøren
	Ambulerande skjenkeløyve - opprettig av løyve - tildeling	§4-5	Kommunedirektøren
	Gebyr	§7-1	Formannskapet
	Forskrift kap. 5 Kunnskapsprøve	§§5.2- 5.3	Kommunedirektøren
<b>Barnehagelova</b>			
	Godkjenning	§ 14	Kommunedirektøren
	Samordna opptak	§17	Kommunedirektøren
	Dispensasjon frå utdanningskrav (styrar)	§24	Kommunedirektøren
	Dispensasjon frå utdanningskrav (ped. leiatarar)	§25	Kommunedirektøren
	Politiattest (for andre)	§30	Kommunedirektøren
	Tilsyn	§53	Kommunedirektøren
<b>Barnevernlova</b>			
	Ansvar for å utføre kommunen sine oppgåver etter loven	§ 2-1, 2. ledd	Barnevernsleiar
	Administrasjon (peike ut barnevernsleiar)	§2-1, 3. Ledd	Kommunedirektøren
<b>Brann- og eksplosjonsvern</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter vert		Kommunedirektøren

	deleget til kommunedirektøren for vidare delegering til brannsjefen		
<b>Beitelova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
<b>Domstollova</b>			
	Førbu valet, avgjer søknad om fritak fra val og gir forslag til val	§68	Formannskapet
	Avgjerd om fritak	§74	Kommunedirektøren
<b>Eigarseksjonslova</b>			
	Løyve til seksjonering og resekjonering	§§7 og 12	Kommunedirektøren
<b>Eigedomsskattelova</b>			
	Fullmakt til å avgjere einskildsaker om skattefritak for bustadeiegedomar	§ 7 c	Formannskapet
	Mynde som part i søksmål og tvistar for tingretten		Kommunedirektøren
<b>Film- og videogramlova</b>			
	Kommunalt løyve	§2	Kommunedirektøren
<b>Folkebiblioteklova</b>			
	Fastsetting av reglement	§4	Formannskapet
<b>Folkehelsearbeid</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
<b>Forvaltningslova</b>			
	Klageinstans ved enkeltvedtak	§28, 2. Ledd	Formannskapet
<b>Forpakningslova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
<b>Forureningslova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
	Krav om påtale	§§73 og 79	Formannskapet
<b>Friluftslova</b>	Lov om friluftslivet		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren

<b>Gravferdslova</b>			
	Treffe vedtak ved usemje om kven som skal sørge for gravferda og kven som skal ha høve til å vere ansvarleg for grava	§9	Kommunedirektøren
<b>Helseberedskapsloven</b>	Lov om helsemessig og sosial beredskap		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
<b>Helse- og omsorgstenestelova</b>	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om helsetenester i heimen, personleg assistanse og plass i institusjon	§ 3-2 nr. 6	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om pårørandestøtte i form av opplæring og rettleiing, avlastningstiltak og omsorgsstønad	§ 3-6	Kommunedirektøren
	Tildele bustad til vanskelegstilte	§ 3-7	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om at helse- og omsorgstenester skal organiserast som brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	§ 3-8	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om bruка av tvang i høve rusmiddelavhengige	kap. 10	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om vederlag for helse- og omsorgstenester	§ 11-2	Kommunedirektøren
<b>Hundelova</b>	Lov om hundehold		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
<b>Husbanken</b>			
	Lån og tilskotsordningar		Kommunedirektøren
<b>Introduksjonslova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om tildeling av introduksjonsprogram, introduksjonsstønad og opplæring i norsk og samfunnuskunnskap	§3	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om vesentleg endring av individuell plan	§6	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om å stogge introduksjonsprogrammet eller opplæring i norsk og samfunnuskunnskap for ein einskild	§§ 1, 17 og 19	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om fråvær og permisjon ved nykomne innvandrarar si deltaking i introduksjonsordning	§ 5-1	Kommunedirektøren

	Treffe vedtak om trekk i introduksjonsstønaden	§14	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om tilbakebetaling av stønad	§15	Kommunedirektøren
<b>Jordlova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
	Driveplikt	§8	Formannskapet
	Fritak for driveplikt	§8a	Formannskapet
	Saker som gjeld deling av driftseining.	§12	Formannskapet
	Føresegner om tilskot	§18	Kommunedirektøren
	Forskrift om nydyrkning der det kjem innvendingar frå høyringsinstansane		Formannskapet
<b>Konsesjonslova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
	Søknader om erverv av fast eideom og vilkår for konsesjon.	§2 og kap. 4.	Formannskapet
	Søknad om fritak frå bu- og driveplikta utover 3 år og andregongssøknad	§5, siste ledd jf. §11	Formannskapet
	Tilbaketrekking av konsesjon	§16	Formannskapet
<b>Krisesenterlova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
<b>Kyrkjelova</b>			
	Gje samtykke til at konfirmasjonsopplæringa vert gjennomført i skuletida	§36	Kommunedirektøren
<b>Lakse- og innlandsfiskelova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
<b>Livssynssamfunnslova</b>			
	Kommunal avgjerd om tilskot	§3	Kommunedirektøren
<b>Matrikkelova</b>	Lov om eideomsregistrering		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren

<b>Motorferdsel</b>	Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag		
	Ervervsmessig løyve, unntakstilfelle etter § 6 i forskrift og dispensasjon fra kommunale retningsliner.		Formannskapet
	Avgjerdsmynne i enkeltsaker etter § 6 i lova og § 5 i forskrifta.		Kommunedirektøren
	Dispensasjon frå kommunale retningsliner i høve til § 3 i "Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark".		Kommunedirektøren
<b>Naturmangfaldlova</b>	Lov om forvaltning av naturens mangfold		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
<b>Odelslova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.		Kommunedirektøren
	Søknad om fritak frå bu- og driveplikt utover 3 år og andregangssøknad.	§27a	Formannskapet
<b>Opplæringslova</b>	Lov om grunnskulen, vidaregående opplæring		
	Vedtak om utsett eller tidlegare skulestart	§ 2-1 tredje ledd	Kommunedirektøren
	Vedtak om fritak frå opplæringsplikta	§ 2-1 fjerde ledd	Kommunedirektøren
	Sette fram krav om offentleg påtale	§ 2-1 femte ledd	Formannskapet
	Treffe vedtak om opplæring i teiknspråk	§ 2-6	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om opplæring i punktskrift	§ 2-14	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om rett til skuleskyss	§ 7-1	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om flytting av elev til annan skule	§ 8-1	Kommunedirektøren
	Føre tilsyn med heimeopplæring	§ 14-2	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa	§ 2-3	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om særskild språkopplæring	§ 2-8	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om permisjon inntil to veker	§ 2-11	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om spesialundervisning	§ 5-1	Kommunedirektøren

<b>Pasient og brukarrettslova</b>			
	Tiltak ved særlege tyngande omsorgsoppgåver	§2-8	Kommunedirektøren
<b>Plan- og bygningslova</b>			
	Ikkje prinsipielle saker etter plan- og bygningslova		Kommunedirektøren
	Førelegg om plikt til å etterkomme pålegg eller forbod og tvangsfyllbyrding, handsamast av formannskapet så framt det ikkje hastar på grunn av fare for liv eller helse.	§§ 32-6 og 32-7	Formannskapet
	Fastsette tvangsmulkt som eingongsbeløp eller dagmulkt.		Formannskapet
	Fastsette tvangsmulkt t.o.m. kr 100.000 som eingongsbeløp eller t.o.m. kr 2000 pr. dag		Kommunedirektøren
	Fullmakt til å dispensere frå plan- og bygningslova, vedtekter og forskrifter, og frå arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplan så langt dette er kurante ja- eller nei-saker		Kommunedirektøren
	Fullmakt til å gjere mindre endringar i reguleringsplan og fastsette tomteinndeling, føresetter at det skal vere mindre (kurante) endringar	§ 12-14, andre ledd	Kommunedirektøren
	Fullmakt til å utøve det mynde som i samband med bygesaker er lagt til kommunen i lova, §32-9 om straff er ikkje delegert		Kommunedirektøren
<b>Serveringslova</b>			
	Løyve	§3	Kommunedirektøren
	Kontroll av serveringsstad	§13	Kommunedirektøren
	Unntak frå gjeldande opningstider	§15	Kommunedirektøren
	Suspensjon av løyve	§18	Kommunedirektøren
	Tilbakekalling av løyve	§19	Formannskapet
	Overdraging av serveringsløyve	§22	Kommunedirektøren
<b>Skogbrukslova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
	Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar der det kjem innvendingar frå høyringsinstansane.		Formannskapet
<b>Smittevernlova</b>	Lov om vern mot smittsomme sykdommer		
	§ 7-1 Kommunen sine oppgåver		Kommunedirektøren
	§ 7-2 Utpeiking av smittevernlege og vikar for denne		Kommunedirektøren

<b>Sosialtenestelova</b>	Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen		
	Individuelle tenester.		Kommunedirektøren
<b>Stadnamnlova</b>			
	Fastsetjing av skrivemåte	§6	Formannskapet
	Gje uttale på vegne av kommunen	§7	Formannskapet
<b>Straffeprosesslova</b>			
	Krav om offentleg påtale i saker der kommunen er part.	§81a andre ledd	Kommunedirektøren
<b>Tinglysing</b>			
	Høve til å krevje grunnboksheimel til veg som kommunen eig	§38b	Kommunedirektøren
<b>Tobakkskadelova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
<b>Trudomssamfunnslova</b>	Lov om tilskot til trussamfunn		
	Tilskot til trussamfunn	§19, 2. ledd	Kommunedirektøren
<b>Vass- og avløpsanleggslova</b>	Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
<b>Vassressurslova</b>	Lov om vassdrag og grunnvann		
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
<b>Vassdragsreguleringslova</b>	Lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag		
	Bruk av konsesjonsavgift	§11, nr. 2 andre ledd	Formannskapet
<b>Veglova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
<b>Vegtrafikklova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
<b>Viltlova</b>			
	Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Kommunedirektøren
	Fastsetjing av minsteareal for fellingsløyve	§16	Formannskapet

	Samanslåing til felles viltområde	§37	Formannskapet
	Samanslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt	§38	Formannskapet
<b>Vaksenopplæringslova</b>			
	Gje tilskot til studieforbund	§6	Kommunedirektøren
	Gratis bruk av offentlege lokale til vaksenopplæring	§7	Kommunedirektøren